

# Møteinkalling

---

**Utval:** Nærøyfjorden verneområdestyre

**Møtestad:** Telefonmøte

**Dato:** 11.01.2017

**Tidspunkt:** 08:30

---

Eventuelt forfall må meldast snarast på tlf. 99499753 eller e-post  
[fmsfano@fylkesmannen.no](mailto:fmsfano@fylkesmannen.no). Vararepresentantar møter etter nærmere beskjed.

## Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 1/17	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 2/17	Val av eit styremedlem til å skrive under protokoll		
ST 3/17	Kjentmannskøyring for Aurland Røde Kors Hjelpekorps i Nærøyfjorden landskapsvernområde og Bleia-Storebotnen landskapsvernområde		2013/5411
ST 4/17	Uttale til reguleringsplan for Undredal frå Nærøyfjorden verneområdestyre		2016/3424
ST 5/17	Nærøyfjorden landskapsvernområde - restaurering av stølshus på Fristølen		2016/3005

**ST 1/17 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

**ST 2/17 Val av eit styremedlem til å skrive under protokoll**



Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	3/17	11.01.2017

## Kjentmannskøyring for Aurland Røde Kors Hjelpekorps i Nærøyfjorden landskapsvernområde og Bleia-Storebotnen landskapsvernområde

### Innstilling fra forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Aurland Røde Kors Hjelpekorps løyve til kjentmannskøyring i 2017-2019 i samsvar med øvingsplan. Løyve er gjeve med heimel i verneforskriftene for Nærøyfjorden landskapsvernområde og Bleia-Storebotnen landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ. Løyvet gjeld med følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld for åra 2017, 2018 og 2019 frå og med veke 6 til og med veke 15.
- Tal turar er ein tur pr. punkt i øvingsplanen.
- Kjentmannskøyring frå Sluppen/Kvammadalen til Frønningen krev omsyn til villrein.
- Under køyring skal det takast generelle omsyn til andre interesser og naturverdiar i området.
- Politiet varslar SNO gjennom utsending av køyreordre for kvar kjentmannstur. Desse vil også danne grunnlag for rapport til forvaltninga.

### Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Anbefaling av øvingsplan for Aurland Røde Kors Hjelpekorps frå Røde Kors avdeling Nasjonal beredskap og hjelpekorps 14.11.2016
- Øvingsplan for Aurland Røde Kors Hjelpekorps 2017-2019
- Godkjenning av øvingsplanen av Sogn og Fjordane politidisktrikt 16.11.2016
- Retningslinjer om redningstjenestens bruk av snøscooter i utmark og i verneområder, 31.01.2013 MD
- Uttale frå Nordfjella og Fjellheimen villreinnemnd, januar 2017

Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift for Nærøyfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Forskrift for Bleia-Storebotnen landskapsvernområde av 08.10.2004
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009
- Forvaltningsplan for Nærøyfjorden, rapport nr. 1 - 2008

Aurland Røde Kors Hjelpekorps søker om kjentmannskøyring i sitt beredskapsområde i perioden 2017-2019. Planen omfattar kjentmannstur for medlemer for å sjekke føre- og

snøforhold i potensielle aksjonsområde. I Bleia-Storebotnen landskapsvernombordet er det planlagt felles kjentmannstur med Lærdal Røde Kors Hjelpekorps fra Sluppen og Kvammdalen til Frønningen. Dette er ny kjentmannstur i denne øvingsplanen i forhold til tidlegare år. Øvingsplanen omfattar både aktivitet utanfor verneområde og i ulike verneområde.

**Øvingsplan Aurland Røde Kors Hjelpekorps**  
**Delvis i samarbeid med Lærdal Røde Kors Hjelpekorps**

NR	TID	Innhald/fag	Stad	Verneområde	Deltakarar og snøscooterar, BV	Politi LRS vurdering
1	Veka 1-15 2017-2019	Tilsyn av hytte. Trening i snø med vinterutsyr inkludert snøscooter og sleda.  <b>Fagansvarlig:</b> Gunnar Skahjem/Trygve Skjerdal	Kvammdalen	NEI	Ca 10 stk RKH-medl. 2-4 snøscooterar	
2	Veka 5-8 2017-2019	Øving snøskred med digitale og manuelle søkjeutsyr.  <b>Fagansvarleg:</b> Steinar Tønnesen/Gunnar Skahjem	Østerbø	NEI	Ca 10-15 RKH-medl. Ca 10-15 frå Aurland Snøscooterklubb 5-6 snøscooterar	
3	Veka 6-9 2017-2019	Sjekke føre og snøforhold m.m  <b>Fagansvarleg:</b> Bjørn Ebne/Helge Ebne	Fyre – Soleifletene	JA	Ca 10 RKH-medl. Ca 4-5 snøscooterar	
4	Veka 10-13 2017-2019	Øving/snøskred m.m Samarbeid med Aurland Snøscooterklubb  <b>Fagansvarleg:</b> Trygve Skjerdal/Kjetil Lien Nilsen	Øvingsareal regulert til snøscooterkjøring (Østerbø)	NEI	Ca 15-20 RKH-medl. Ca 10-15 frå Aurland Snøscooterklubb 8-10 snøscooterar	

5	Veka 13-16 2017-2019	Felles kjentmannstur med Lærdal RKH  <b>Fagansvarleg:</b> Trygve Skjerdal/Monika Lysne	Kvamdal/Sluppen – Frønningen	JA	Ca 15-20 RKH-medl. (2 RKH-lag på tur saman) Ca 8-10 snøscooterar	
6	Veka 13-16 2017-2019	Sjekke føre og snøforhold. Øving: snøhole, «føre var» og overnatting ute.  <b>Fagansvarleg:</b> Kjetil Tønnesen/Rune Bekkedal/Steinar Tønnesen	Kongshellern	NEI	Ca 10-15 RKH-medl. Ca 6-7 snøscooterar	
7	Veka 11-13 2017-2019	Kjentmannstur pga nye aktuelle turområder både vinter og sommar.  <b>Fagansvarleg:</b> Roy Lie Roberts/Gry Lie Roberts	T/R Ryo – Tvinnande - Hovdungo	NEI	Ca 10-15 RKH-medl Ca 5-6 snøscooterar	
8	Veka 13-16 2017-2019	Kjentmannstur pga nye aktuelle turområder både vinter og sommar.  <b>Fagansvarleg:</b> Anne Malene Hande/Kjetil Lien Nilsen	T/R Vesterdalen – Vindedal - Reinunga	NEI	Ca 10-15 RKH-medl. Ca 5-6 snøscooterar	

I tilrådinga frå nasjonalt nivå viser Røde Kors til ein auke i talet på aksjonar, og at publikum ventar ein rask, effektiv, målretta og tidsmessig aksjon i naudsituasjonar. Dei vermessige forholda er ofte dårlege under aksjonar, og Røde Kors har strenge sikkerhetsreglar for alle mannskapa sine. Det krev at det aldri skal vera mindre enn 2-3 snøskutrar i fylgje, og opptil 4-8 snøskutrar i same fylgje i dårleg ver.

Politiet legg vekt på at det har vore ein auke i aktiviteten i området og dermed også redningsaksjonar. Politiet har godkjent øvingsplanen. Politiet skriv ut køyreordre til Røde Kors for kvar tur. Kopi av denne sender politiet til lokalt SNO, kommune og forvaltar.

## Lovgrunnlaget

Kjentmannsturane skal vera ein del av ein øvingsplan godkjent av politiet, jf. «*Retningslinjer om redningstjenestens bruk av snøscooter i utmark og i verneområder*» datert 31.01.2013 MD.

Kjentmannskøyring skal behandlast etter den generelle dispensasjonsregelen i naturmangfaldslova § 48: «*Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensyn til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig*». Verneområdestyret skal etter retningslinjene vurdera søknaden etter fyrste alternativ, «*...ikke er i strid med vernevedtakets formål, og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig..*».

Føremålet i Nærøyfjorden landskapsvernombordet er definert i verneforskrifta § 2:

«*Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernombordet er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfold av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter*».

Føremålet i Bleia – Storebotnen landskapsvernombordet er definert i verneforskrifta § 2:

«*Føremålet med Bleia – Storebotnen landskapsvernombordet er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell. Her utgjer breisen si forming av det gamle slettelandet og fjordlandskapet med ein variert vegetasjon og fauna med villrein ein vesentleg del av landskapets karakter*».

Etter naturmangfaldlova (nml.) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

## Vurdering

Verneområdestyret kan berre ge dispensasjon til kjentmannskøyring i verneområde, og det er berre kjentmannsturane i øvingsplanen som er vurdert. Friluftsliv skal kunne utøvast i verneområda samtidig som naturveridane vert ivaretakne. Den førebyggjande redningstenesta er viktig for sikkerheita ved allmennheita si utøving av friluftsliv. Redningstenesta har trong for å gjera seg kjent i område kor det er sannsynleg at dei skal gjennomføra oppdrag, både for å gjennomføra oppdrag på ein effektiv måte og for å sikre eigne hjelpemannskap.

I retningslinjene frå departementet frå 2013 er det definert eit klart skilje mellom øvingsverksem og kjentmannskøyring. Øvingsverksem skal leggjast utanfor verneområda, men redningstenesta vil «*..til en viss grad være avhengig av mulighet for øvingskjøring og i praksis særlig kjøring for å bli kjent («kjentmannskjøring»)...*».

Traseane i øvingsplanen som går innanfor vernegrensene og som treng dispensasjon frå verneforskrifte er fylgjande:

- Fyre – Soleiefletane
- Sluppen/Kvammadalen – Frønningen

Ruta frå Fyre til Soleiefletane er ei kvista løype. Kvisteløypa går vidare til Mjølfjell. Ruta frå Sluppen (Lærdalssida) og Kvammadalen (Aurland) til Frønningen er ikkje kvista løype, men Aurland Røde Kors opplyser at denne ruta har fått auka bruk, og dei har vore på ein

redningstur i dette området. Aurland Røde Kors inviterer med seg Lærdal Røde Kors på denne turen for å samordna kjentmannskøyringa.

Kunnskapen om området er kjent gjennom forvaltningsplan for Nærøyfjorden, erfaringar frå Røde Kors Hjelpekorps sine turar i området, SNO sin kunnskap om området og uttale frå villreinnemnda om villreinen sin bruk av området. Kunnskapsgrunnlaget jf. nml § 8 vert vurdert som godt for å vurdera saka. SNO opplyser at villreinen har tatt opp att bruken av området rundt Grindafletane, og det er difor viktig at det vert vist særskilt omsyn i dette området. I Bleia-Storebotnen landskapsvernombudet brukar villreinen området heile året, og det er sporadisk fostringsflokkar i området. Villreinen er eit av verneføremåla i dette området. Villreinen er meir sårbar etter lenger ut på våren ein kjem. Forvaltar rår difor til at det ikkje vert opna for kjentmannsturar etter påske. I 3-års perioden øvingsplanen gjeld for, er påsken ikkje seinare enn veke 15.

Snøskuterkøyringa kan og påverka andre naturverdiar. Det er hekkande rovfuglar i området, men desse vil lite truleg vera påverka av snøskuterkøyringa. Føre-var-prinsippet jf. nml § 9 er tillagt vekt ved at aktiviteten er avgrensa i tid, og det vert sett vilkår om å ta omsyn til villreinen dersom den er i området.

Voss Utterslag har ansvar for kvistinga av løypa frå Fyre til til Mjølfjell. Voss og Vossetrand Røde Kors har i tillegg hatt denne ruta på sine øvingsplanar. Aurland Røde Kors vert oppmoda om å ta kontakt med Voss Utferdslag for å samordne kjentmannstur og kvisting av løypa. Samkøyring vil vera med å redusera motorferdsela i området, og den samla belastninga på naturmiljøet av motorstøy i området vert avgrensa jf. nml. § 10. Sogn og Fjordane politidistrikt har godkjent øvingsplanen, og omfanget av kjentmannsturane er dermed definert som naudsynt motorferdsel i verneområdet. Det er ynskjeleg at kjentmannskøyringa vert gjennomført midt i veka av omsyn til friluftslivet, men sidan dette er frivilleg arbeid, vert det opna for bruk av helg til kjentmannskøyring når det er naudsynt. Gjennom ordninga med utskriving av køyreordre frå operasjonssentralen hjå politiet, vert oppsynet varsle og forvaltninga får oversikt over omfanget.

Kjentmannsturane vil lite truleg føra til miljøforringing, og nml. § 11 er difor ikkje vurdert i denne saka. Snøskuter er den mest aktuelle transportmetoden for eventuelt redningsoppdrag, og må difor nyttast på kjentmannsturane. Det er mykje snø i den tida det er søkt om kjentmannsturar, og det er liten fare for køyreskade på bar mark. Køyringa vil difor ikkje setja varige spor i terrenget, og vert vurdert som miljøforsvarleg til dette føremålet jf. § 12.

Med dei vilkåra som er sett for løyvet, og vurderingane etter nml. §§ 8 – 12 og § 48, meiner forvaltar kjentmannsturane ikkje er i strid med verneformålet, og ikkje påverkar verneverdiane i særleg grad.



Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	4/17	11.01.2017

## Uttale til reguleringsplan for Undredal frå Nærøyfjorden verneområdestyre

### Innstilling frå forvaltar

Vurderinga i saka vert lagt fram som uttale til reguleringsplan.


### Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:


- Reguleringsplan for Undredal – utlegging til offentleg ettersun, Aurland kommune 01.12.2016
- Verneforskrift for Nærøyfjorden landskapsvernombord
- Forvaltningsplan for Nærøyfjorden, rapport nr. 1-2008

Aurland kommune har lagt ut reguleringsplan for Undredal til offentleg ettersyn i perioden 3. desember 2016 til 15. januar 2017. Føremålet med planen er å samle arealbruken i ein overordna plan som er samordnande og klargjerande i forhold til vidare utvikling i Undredal. I innleiinga til planen står det at «*Planen skal legge rammene for utvikling av Undredal som ein busetnings- og arbeidsstad samtidig som det vert teke omsyn til dei særprega kvalitetane i området*». Planområdet omfattar grenda Undredal med strandlinje og tilgrendande sjøareal i Aurlandsfjorden. Det meste av sjøarealet i planen er innafor Nærøyfjorden landskapsvernombord.

Tiltak som er vurdert i planen og som vil ha verknad på landskapsvernombordet, er tilgjenge til strandsona for ulike brukargrupper og etablering av kai og småbåthamn.



Planområdet, kopi frå fylgjebrev til reguleringsplan for Undredal. Planområdet i Nærøyfjorden landskapsvernområde er vist som skravert område i sjøen.



*Småbåthamn, kopi frå reguleringsplan*

## Vurdering

Planomtalen for reguleringsplanen for Undredal gjev ein heillheitleg vurdering av mogleg utvikling av tettstaden Undredal. Sentrum i Undredal er vendt mot fjorden, og tilgangen til sjøen og tilkomst til Undredal frå sjøen er viktig for både fastbuane og tilreisande. For å få betre tilgang til sjøarealet, er det lagt inn ein gangveg frå sentrum til Krossaneset. Dette tiltaket er ikkje i landskapsvernombordet, og vil i liten grad påverka verneområdet. Småbåthamna ved Krossaneset er ikke i landskapsvernombordet, og er eit tiltak som krev dispensasjon frå verneforskrifta. «*Føremålet med vern av Nærøyfjorden landskapsvernombordet er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfold av plante-og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter*» jf. verneforskrifta § 2. Alle tiltak som kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter er forbode jf. verneforskrifta § 3 punkt 1.1.

Nye tiltak i Nærøyfjorden landskapsvernombordet som er omtalt og lagt inn i planføresegne i reguleringsplanen, krev dispensasjon frå gjeldane verneforskrift før tiltaka kan etablerast. Småbåthamn er eit tiltak som må vurdast på særskilt grunnlag jf. naturmangfaldlova § 48 (erstattar verneforskrifta § 4). Ein søknad om småbåthamn må vurderast etter naturmangfaldlova § 48 fyste ledd og fyrste alternativ som set vilkår om at tiltaket ikkje kan vera i strid med verneforskrifta og ikkje kan påverka verneverdiane nemneverdig. Begge vilkåra må vera oppfylt for å vurdera dispensasjon frå verneforskrifta.

Nærøyfjorden verneområdestyre er forvaltningsmynde for Nærøyfjorden landskapsvernområde. I planomtalen i reguleringsplanen kapittel 4.10.5 må vedtaksmynde rettast til Nærøyfjorden verneområdestyre.

I planføresegnene under § 6.3 må det presiserast at tiltak innanfor Nærøyfjorden landskapsvernområde krev dispensasjon frå verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde før tiltaket kan etablerast.



Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	5/17	11.01.2017

## Nærøyfjorden landskapsvernombord - restaurering av stølshus på Fristølen

### Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Bjarne Klette løyve til ta ned og sette opp att stølshuset på gnr. 53 bnr. 3 på Fristølen i Nærøyfjorden landskapsvernombord. Det kan gravast dreneringsgrøft rundt grunnmuren for å leia vatn vekk frå muren. Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernombord § 3 punkt 1.3 c). Løyvet er gjeve med fylgjande vilkår:

- Restaureringsarbeidet skal ikkje føra til vesentlege endringar av fasaden på bygget. Opphavleg materilale skal takast vare på og nyttast opp att så langt som mogleg. Taket skal tekkest med torv eller tradisjonelle bølgjeblekkplater. På taket på tilbygget kan det nyttast tradisjonelle bølgjeblekkplater eller tretak.
- Det kan setjast inn eit ekstra vindauge på nordaustveggen på bygget i tømmerkassa, og eit vindauge i tilbygget i nordaustveggen. Nye vindauge og dører skal ha same utforming som dei opphavlege vindauge i bygget.
- Dreneringsgrøft skal avgrensast til det som er naudsynt for å leia vatn vekk frå grunnmuren. Torv og vegetasjon skal takast vare på og nyttast til tildekking av dreneringsgrøft.
- Torv til taktekking kan hentast frå terrenget i nærleiken av stølen.
- Dersom det vert planlagt endringar av godkjente planar, skal styret vurdera om eventuelle endringar krev ny godkjenning.
- Rapport med bilde av tiltaket skal sendast til sekretariatet når arbeidet er sluttført.
- Dersom arbeidet ikkje har starta opp innan 3 år frå vedtaksdato, må det søkjast om nytt løyve til tiltaket.

Dersom det er naudsynt med motorisert ferdsel i samband med restaureringsarbeidet, må det søkjast verneområdestyre om løyve til motorferdsel.

Dette løyvet gjeld berre tilhøve etter verneforskrifta. Søkjar må ta kontakt med Aurland kommune med spørsmål om løyve etter anna lovverk.

### Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad frå Bjarne Klette om restaurering av stålhuset på Fristølen, 17.08.2016 og 30.11.2016


Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009
- Forvaltningsplan for Nærøyfjorden, rapport nr. 1 - 2008


Fristølen er vårstølen til gardane på Stigen. Eine stålhuset med ei tomt på ca 4700 daa, er delt frå grarden Nedste Stigen. Bjarne Klette er ny eigar av denne eigedomen (gnr. 53, bnr. 3). Han søker om å få restaurert stålhuset. Deler av bygget og grunnmuren er i dårlig stand. Grunnmuren har sige inn, og på enkelte punkt har muren rast ut. Klette søker om å få plukke ned stålhuset for å mure opp att grunnmuren. Han vil grave dreneringsgrøft rundt grunnmuren for å unngå at vatn fører til nye skadar på muren. Det er planlagt å nytta gravemaskin til gravearbeidet.

Etter muren er murt opp att, skal stålhuset setjast opp att på murane oppå ei treramme. Treramma er naudsynt for å få meir luft på oppsida av stålhuset, mellom bakken og tømmerkassa. Materiale frå stålhuset skal nyttast opp att så langt det er mogleg. Dårlig materiale vert bytt ut med nytt materiale med same utforming. Bygget vert sett opp etter lokal byggeskikk. Taket vert tekka med torv, men tilbygget er søkt om å få tekka med tretak av malmfur. I dag er det bølgjeblekk på heile taket. Utvendig kledning skal ikkje behandlast.

Vindauge som kan restaurerast vert frakta til ein snikkarverkstad for restaurering. I tilbygget er vindauge i dårlig stand og vert bytt ut med nye vindauge. Det er planlagt to nye vindauge i nordaustveggen, eit ekstra i tømmerkassa og eit i tilbygget.



**Stigen og Fristølen. Utklypp frå Fylkesatlas.**



Fasade nordaust, utklipt frå søknad

Klette har planar om å sette opp utedo på Fristølen. Det vil koma ny søknad om oppføring av utedo.

## Lovgrunnlaget

Føremålet i Nærøyfjorden landskapsvernområde er definert i verneforskrifta § 2:  
*«Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfold av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter».* Alle inngrep eller tiltak som kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter er forbode. Vanleg vedlikehald som ikkje fører til vesentlege fasadeendringar på bygningar kan gjennomførast utan søknad. Påbygging, ombygging eller riving av bygningar og anlegg er søknadspliktig jf. verneforskrifta § 3 punkt 1.3 c). *«Påbygging og ombygging skal vera tilpassa landskap og tradisjonell byggeskikk».*

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

## Vurdering

Stølslandskapa med bygnignar og stølsvollar er viktige verneverdiar i Nærøyfjorden landskapsvernområde, og er ein del av verneføremålet. I forvaltningsplan for Nærøyfjorden er det peika på at stølsdrifta har vore avgjerande for levemåten på gardane i tidlegare tider. Stølsdrifta har vore med å forme landskapet. På Fristølen er det ikkje ført opp nye bygningar eller gjort andre inngrep i nyare tid. Eit av stølshusa er flytta ned til Nedste Stigen. Dei to eksisterande stølshusa på Fristølen er i stor grad bevart slik dei stod når dei var i bruk. Dette

gjev stølen ei høg grad av autensitet. Restaurering av stølshuset på Fristølen er eit positivt tiltak som vil føra til at stølsmiljøet med bygningar vert tatt vare på, og er i tråd med verneføremålet. Kunnskapen om området er kjent gjennom forvaltningsplan for Nærøyfjorden og skjøtselsplan for Stigen. Det er ingen kjente førekomstar av trua artar eller naturtypar på Fristølen (Naturbase 02.01.2017). Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 er vurdert som godt for å vurdera denne saka. Føre-var-prinsippet i nml. § 9 er difor ikkje tillagt vekt i denne saka.

Den samla belastninga på økosystemet skal vurdrast ved søknad om tiltak jf. nml. § 10. Tiltaket vil i liten grad føra til nye inngrep i landskapet. Dreneringsgrøfta vil i liten grad gje endringar på landskapet. Frå gamalt av vart torv til taktekking henta frå nærområdet. Dette vil gje eit lite inngrep i landskapet og vil lite truleg føra til belastning på økosystemet i området. Forvaltar vurderer den samla blastninga av tiltaket som liten.

Sogn og Fjordane Fylkeskommune har i sine merknader til planane (31.08.2016, sak nr.16/6500-5) påpeika at det er særsviktig å bevare stølane i Nærøyfjorden landskapsvernområde som er uendra. Dette er ei verdifull kjede til kunnskap om levemåte og ressursbruk. Fylkeskommunen rår til at stølshuset vert restaurert slik at dei historiske verdiane i bygningen og stølsvollen vert tatt vare på. Det er viktig å ta vare på detaljar som vindauge og listverk. Alt arbeid bør gjerast med tradisjonelle materiale, og unngå moderne materiale til kledning, vindauge og taktekking.

Tiltakshavar har plikt til å vise varsemd og til straks å melde frå til Sogn og Fjordane fylkeskommune ved kulturavdelinga dersom det under arbeid vert støytt på automatisk freda kulturminne jf. lov om kulturminne § 8 2. ledd.

Klette har søkt Sogn og Fjordane Fylkeskommune om tilskot til restaurering av stølshuset. Søknaden vert behandla av fylkeskommunen i månadskifte mars/april 2017.

I søknaden av 30.11.2016 har Klette lagt fram planar for restaurering av stølshuset. Arbeidet er planlagt utført etter tradisjonell byggeskikk, og med stor grad av gjennbruk av materiale på stølshuset. Det er avgjerande å få murt grunnmuren opp att for å sikre stølshuset. Til dette arbeidet vil det vera naudsynt med maskinelt arbeid. Forvaltar vurderer planlagt arbeidsmetode som miljøforsvarleg jf. nml. § 12 til dette føremålet. Det må søkjast verneområdestyret om motorisert transport av materiale og utstyr til arbeidet på Fristølen. Nml. § 11 er ikkje vurdert i denne saka då det er lite sansynleg at tiltaket vil føre til skade på naturverdiane.